

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 46/2007

av 8. juni 2007

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 2/2007 av 27. april 2007⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2006/414/EF av 7. juni 2006 om endring av vedtak 2001/881/EF og 2002/459/EF med omsyn til lista over grensekontrollstasjonar⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2006/559/EF av 8. august 2006 om endring av vedtak 2002/300/EF med omsyn til dei områda som er utelatne frå lista over godkjende soner med omsyn til *Bonamia ostreae* og/eller *Marteilia refringens*⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2006/590/EF av 1. september 2006 om endring av vedtak 94/360/EF og 2001/812/EF med omsyn til veterinærkontroll av produkt frå tredjestatar⁽⁴⁾ skal takast inn i avtala.
- 5) Kommisjonsvedtak 2006/674/EF av 6. oktober 2006 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2002/308/EF om utarbeiding av lister over godkjende soner og godkjende oppdrettsanlegg med omsyn til hemoragisk virusseptikemi (VHS) eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN) eller begge desse fiskesjukdommane⁽⁵⁾ skal takast inn i avtala.
- 6) Kommisjonsvedtak 2006/685/EF av 6. oktober 2006 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2003/634/EF om godkjenning av programma med sikte på å gje soner og

⁽¹⁾ TEU L 209 av 9.8.2007, s. 3, og EØS-tillegget til TEU nr. 38 av 9.8.2007, s. 3.

⁽²⁾ TEU L 164 av 16.6.2006, s. 27.

⁽³⁾ TEU L 219 av 10.8.2006, s. 28.

⁽⁴⁾ TEU L 240 av 2.9.2006, s. 11.

⁽⁵⁾ TEU L 276 av 7.10.2006, s. 80.

oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN)⁽⁶⁾ skal takast inn i avtala.

- 7) Kommissjonsvedtak 2006/775/EF av 13. november 2006 om endring av vedlegg D til rådsdirektiv 95/70/EF med hensyn til listen over eksotiske bløtdyrssykdommer som det skal treffes harmoniserte bekjempelsestiltak mot i Fellesskapet⁽⁷⁾ skal takast inn i avtala.
- 8) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel I i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1.2 nr. 25 (kommisjonsvedtak 94/360/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32006 D 0590**: Kommissjonsvedtak 2006/590/EF av 1. september 2006 (EUT L 240 av 2.9.2006, s. 11).”
2. I del 1.2 nr. 111 (kommisjonsvedtak 2001/812/EF) vert følgjande lagt til:
”, endret ved:
– **32006 D 0590**: Kommissjonsvedtak 2006/590/EF av 1. september 2006 (EUT L 240 av 2.9.2006, s. 11).”
3. I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2001/881/EF) og nr. 46 (kommisjonsvedtak 2002/459/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32006 D 0414**: Kommissjonsvedtak 2006/414/EF av 7. juni 2006 (EUT L 164 av 16.6.2006, s. 27).”
4. I del 3.1 nr. 8 (rådsdirektiv 95/70/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32006 D 0775**: Kommissjonsvedtak 2006/775/EF av 13. november 2006 (EUT L 314 av 15.11.2006, s. 33).”
5. I del 4.2 nr. 65 (kommisjonsvedtak 2002/300/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

⁽⁶⁾ TEU L 282 av 13.10.2006, s. 44.

⁽⁷⁾ TEU L 314 av 15.11.2006, s. 33.

”– **32006 D 0559**: Kommisjonsvedtak 2006/559/EF av 8. august 2006 (EUT L 219 av 10.8.2006, s. 28).”

6. I del 4.2 nr. 66 (kommisjonsvedtak 2002/308/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32006 D 0674**: Kommisjonsvedtak 2006/674/EF av 6. oktober 2006 (EUT L 276 av 7.10.2006, s. 80).”

7. I del 4.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL*” i nr. 55 (kommisjonsvedtak 2003/634/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32006 D 0685**: Kommisjonsvedtak 2006/685/EF av 6. oktober 2006 (EUT L 282 av 13.10.2006, s. 44).”

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2006/414/EF, 2006/559/EF, 2006/590/EF, 2006/674/EF, 2006/658/EF og 2006/775/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 9. juni 2007, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 8. juni 2007

For EØS-komiteen

A. Seatter

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.